

Årsmelding 2013



VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit frittståande, oppdragsbasert forskingsinstitutt. Instituttet er organisert som stifting og vart etablert 6. mars 1985. Instituttet er lokalisert i [Sogndal](#), i Campus Fosshaugane. Instituttet har 29 tilsette og ein årsomsetnad på 24 mill kroner i 2013.

Grunnleggande ide

Vestlandsforskning er eit internasjonalt orientert forskingsinstitutt med regional forankring.
Vår visjon er kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

Verdigrunnlag

Vestlandsforskning skal utføre kritisk og uavhengig forsking.
Openheit er ein føresetnad i vår kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.
Høg kvalitet skal kjennemerke alle delar av vår verksemd.

Mål

Vestlandsforskning skal levere kunnskapsbidrag av høg kvalitet som bidreg til auka innsikt, nytenking og utvikling både i politikkutforming, forvaltning og verdiskaping. Vestlandsforskning skal delta i forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt og vere ein aktiv aktør i utvikling på Vestlandet.

Oppdrag

Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert institutt og utfører forsking og utviklingsarbeid på oppdrag for næringsliv, offentleg sektor, Norges Forskningsråd, EU og Det Europeiske Forskingsorganet (ERA).
Oppdraaga omfattar regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt.

Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektjennomføringa.

Regionalt kunnskapsknutepunkt

Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjer eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 230 fagstillingar. Tilsette ved Høgskulen deltek òg i Vestlandsforskning sine prosjekt og ein samarbeider tett på felles fagområde.


Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune blir nytta til fagleg utvikling, doktorgradsarbeid og kvalitetssikring. Ved etableringa i 1985 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kroner.

Organisering

Vestlandsforskning blir leia av eit styre samansett av sju medlemer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse, Norges Forskningsråd oppnemner eitt medlem. Direktøren er dagleg leiar for instituttet. Forskningsområda er organiserte tematisk og leia av forskingsleiarar og administrative gruppeleiatarar.

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning



FORSKINGSMØRÅDA

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i samfunns-, tekniske- og økonomiske fag. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper.

BRUKARVENNLEGE IT-SYSTEM

- Brukargrensesnitt
- Informasjonsstruktur- og arkitektur
- Kravspesifikasjoner
- Semantiske Teknologiar

ENDRING OG NYSKAPING

- Endringsleiring
- E-forvaltning og offentleg organisering
- Infrastruktur og nettverksutvikling
- Regional utvikling og næringsutvikling

REISELIV

- Berekraftig reiseliv
- Fritidsbruk
- It og reiseliv

MILJØ, KLIMA, ENERGI OG TRANSPORT

- Lokal miljø- og klimapolitikk
- Berekraftig mobilitet
- Fornybar energi
- Industriell økologi

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal

Telefon 906 33 600 Fax: 947 63 727

E-post: info@vestforsk.no - Internett: www.vestforsk.no

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning

Oppdrag

Det vart arbeidd med 62 prosjekt i 2013. Oppdraga fordele seg slik etter storleik:

Prosjekt storleik	Tal prosjekt	Del av omsetningen
0-100	10	2%
101-500	22	19%
501-2000	18	29%
>2001	12	50%

Mange av forskingsarbeida går over fleire år og blir utført i samarbeid med andre fagmiljø både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2013 var på om lag 24 mill. kroner. Grunnløyving fra Noregs Forskningsråd utgjorde 15,5% av inntektene, grunnløyving fra fylkeskommunen 3,5% av inntektene, medan 81% var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeles seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde (i prosent):

	2013	2012	2011	2010
EU/utland	6	3	6	14
Forskningsråd	19	27	26	38
Kommune/fk.kom	38	38	26	18
Statsforvaltninga	19	20	20	14
Næringsliv og org.	18	12	22	16

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilet av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. EU-kommisjonen, forskningsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekke prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 24 av prosjekta ved instituttet i 2013. Verksemndene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til dei største verksemndene i landet.

I 19 av prosjekta under arbeid i 2013 var kommunar frå alle deler av landet deltagarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvingskommune.

Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet vart ytterlegare utvikla i 2013 ved kunnskapssamarbeid av ulike slag. Næringslivet ved enkeltbedrifter og samanslutningar som NCE Tourism, NHO, LO, organisasjonar, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, Helse Førde HF, DIFI, KS, enkeltkommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane er viktige samarbeidspartar i regionen. Samarbeidet har mange former, som t.d. bilateralt samarbeid med enkeltbedrifter eller samarbeid med ei gruppe bedrifter i ein bransje, samt at vi har kunnskapssamarbeid på tvers av private bedrifter og offentlege verksemder. VRI programmet har karakter av partnarskap, der partane i arbeidslivet og enkeltbedrifter saman med verkemiddelapparat og forskingsmiljø samarbeider om forsking og innovasjon i regionen.

Regional Forskningsfond Vestlandet har i 2013 vore sentral for utvikling og finansiering av forskningsprosjekt på regionalt relevante tema, samt for stimulering av regionalt samarbeid mellom forskingsmiljø og mellom forskingsmiljø og private og offentlege verksemder. RFF er viktig aktør for utvikling av VF si regionale rolle.

Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor oppdragsgjevarar i regionen.

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning

Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning vektlegg internasjonalt arbeid. I 2013 var 13 av prosjekta eit samarbeid med forskrarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

Forskarar frå instituttet heldt 16 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 8 land i 2013.

Publisering, formidling og informasjon

Ein av forskarane har gitt ut boka "Unintended Consequences of Renewable Energy" på Springer forlag og ein annan har vore redaktør for boka "Big Data Computing" utgitt av Taylor and Francis. Det er publisert 22 vitskaplege artiklar i bøker/tidsskrift med referee. Det er gitt ut 17 VF-rapportar og notat i 2013. Forskarane har halde 56 foredrag, inkl. framlagde paper og foredrag utgitt i konferanserapportar. I tillegg er det publisert 4 artiklar i bøker og tidsskrift, 11 kronikkar i ulike media og 18 blogginnlegg på Vestlandsforskning sin nettstad. Vestlandsforskning var arrangør/medarrangør av 5 heildagskonferanser og i tillegg er det arrangert kortare seminar om ulike tema.

Publisering	2013	2012	2011	2010
Artiklar/bøker med referee	24	23	17	20
VF publikasjonar	17	21	21	9
Foredrag/undervisning/paper	56	48	58	67
Artiklar i bøker/tidsskrift	4	5	4	7

Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført 23,6 årsverk ved instituttet i 2013. Ved utgangen av året hadde instituttet 28 tilsette, 25 forskrarar og 3 administrativt tilsette.

Ved utgangen av 2013 var det ti tilsette med hovudstilling ved instituttet med doktorgrad – av desse tre med professorkompetanse - og fire som arbeider med doktorgrad. Ei bistilling er knytt til instituttet. Vestlandsforskning legg vekt på å auke andelen forskrarar med PhD ved instituttet og legg til rette for at forskrarar kan ta PhD ved instituttet.

Det var utført 20,6 forskarårsverk ved instituttet i 2013. Kvinner utgjer 24% av forskarstabben. Samla i instituttet utgjer kvinner 34% av stabben. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte.

Det er i 2013 gjennomført ei rekke internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som lekk i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

Miljøfyrtaårnbedrift

Vestlandsforskning er sertifisert som Miljøfyrtaårn-bedrift. I fleire år har ein arbeidd målretta med å redusere miljøulempene ved instituttet på prioriterte område i drifta. På kontorsida er tiltak som tosidig print, miljøvennleg innkjøp, energisparing, avfallssortering mm innført. Klimagassutslepp ved reising er den største miljøutfordringa for instituttet, og blitt møtt m.a. med auka bruk av videokonferansar.

Oversikt – Flyreiser

		2013	2012	2011	2010
Tal reiser pr år	Utlad	129	86	90	113
	Innland	230	188	236	274
Tal reiser pr årsverk pr år	Utlad	5,4	3,8	3,5	4,1
	Innland	9,7	9,9	9,2	9,9
Flyreise km pr årsverk	Utlad	8248	4 325	4 239	7.811
	Innland	2638	2 220	2 490	2.847
Totalt utslepp CO ₂ ekvivalentar		47 tonn	31 tonn	35 tonn	55 tonn

Tal flyreiser har auka i 2013, både innanlandsreiser og utanlandsreiser, medan reiser innland pr årsverk har gått litt ned frå 2012. Reiste flykm pr årsverk har auka i 2013, særleg utlandsreiser. Ein del av årsaken til

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning

dette er ein studietur til India der fem personar frå Vestlandsforskning deltok. Pr årsverk tilsvarte utsleppa 3,5 kvoter i 2013.

Vestlandsforskning skal vere synleg og tilgjengeleg for oppdragsgjevarar og samarbeidspartar. Bruken av videokonferansar og streaming av større møte er tatt i bruk for å redusere reiseaktiviteten ved Vestlandsforskning og våre samarbeidspartar, og vi arbeider for å auke bruken av slike løysingar. Arbeid i t.d. det Transnova-finansierte prosjekt "Kunnskap kryssar grenser", har auka kunnskapen om korleis ein kan auke bruken av teknologiske kommunikasjonsløysingar som reduserer reisebehovet mellom utkant og sentra, og har auka merksemda på bruk av avstandskompenseraende teknologiar. VF investerte i 2013 i eit nyt videokonferanseutstyr og har no to slike studio. Bruken av videokonferanser har auka mykje og vil fortsette å auke i åra framover.

Vestlandsforskning kompenserer for klimagassutslepp som følgje av flyreisene medarbeidarane gjennomfører ved å kjøpe klimakovter i gullstandardertifiserte prosjekt gjennom FN's offisielle kvotesystem. For 2013 kjøpte Vestlandsforskning 84 CO₂ kvoter, som kompenserer for ca 47 tonn CO₂ ekvivalentar (CO₂, CH₄ og N₂O), korrigert for effekten av at klimagassar har ei sterkare effekt når dei blir slept ut i høgare luftlag i forhold til utslepp på bakken (RFI-indeksen).

Strategi 2011-2015

Vestlandsforskning rullerte i 2010 strategiane for utviklinga av instituttet i perioden 2011-2015. Strategien er delt i tematiske og funksjonelle faglege strategiar, samt interne strategiar:

- Vestlandsforskning skal utvikle berekraftig reiseliv innan 2015 til eit forskingsområde der vi skal vere med i den internasjonale forskingsfronten og der vi skal bli leiande nasjonalt og vere synlege internasjonalt.
- Faglege utvikling for øvrig skal skje ved forsterking av og knoppskyting frå hovudområda IT, reiseliv og klima - miljø, basert på tverrfagleg og kritisk tilnærming
- Vestlandsforskning skal vere i forskingsfronten nasjonalt og ha stor internasjonal aktivitet.
- Arbeidet i VF skal medverke til eit godt kunnskapsgrunnlag for samfunns- og næringsutvikling regionalt og nasjonalt
 - Instituttet skal utføre forsking som er relevant for Vestlandet
 - Instituttet skal vere synleg og relevant nasjonalt
- Vestlandsforskning skal vere ein uavhengig og attraktiv samarbeidspart med ein tydeleg plass i forskingsstrukturane
- Vestlandsforskning skal vere eit økonomisk robust forskingsinstitutt
- Vestlandsforskning skal leve opp til instituttet sine verdiar og grunnleggjande idé.

Strategiane er vidare konkretiserte og periodiserte og er styrande for årleg budsjettprioriteringar og skal vere gjenkjenneleg i alle deler av verksemda.

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning

STYRE OG LEIING

Styremedlemer

Knut M. Olsen, styreleiar
Trude Brosvik, nestleiar
Berit Bringedal
Anne Grete Bruvoll
Yngve Hallen
Øyvind Heimset Larsen

Varamedlemer

Sigurd Kvikne
Olaug Hana Nesheim
Anne Kristin Hjelle Jordal
Georg Arnestad
Karen Marie Hjelmesæter
Inge Jan Henjesand
Eivind Brendehaug

Dagleg leiing

Direktør Agnes Landstad
Direktør Merete Lunde 11.11.13
Kontorleiar Bjørg Haukereid

Miljøgruppa

Forskningsleiar Carlo Aall
Gruppeleiar Geoffrey Gilpin

IT-gruppa

Forskningsleiar Ivar Petter Grøtte
Gruppeleiar Svein Ølnes

PERSONALE

Rajendra Akerkar, forskar
Otto Andersen, forskar
Eivind Brendehaug, forskar
Ragnar Brevik, forskar
Hilde Corneliussen, forskar, frå 01.11.13
Halvor Dannevig, forskar
Carol Azungi Dralega, forskar
Frida Ekstrøm, forskar
Agnes Brudvik Engeset, forskar
Guttorm Flatabø, forskingsassistent
Geoffrey Gilpin, forskar
Kyrre Groven, forskar
Ivar Petter Grøtte, forskningsleiar
Stefan Gössling, forskingskoordinator
Bjørg Haukereid, kontorleiar
Jon Hille, forskar, prosjektengasjert
Bård Huseby, forskar frå 01.10.13
Agnes Landstad, direktør
Merete Lunde, direktør frå 11.11.13
Øyvind Heimset Larsen, forskar
Jan Ketil Rød, forskar, prosjektengasjert
Morten Simonsen, forskar
Anja Sire, forskar til 15.05.13
Kristine Skarbø, forskar
Ingjerd Skogseid, forskar
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonssekretær
Geir Strand, forskar, 15% stilling
Ingrid Sælensminde, forskar
Hans Jakob Walnum, forskar
Svein Ølnes, forskar
Terje Aaberge, forskar, til 01.10.13
Carlo Aall, forskningsleiar

Årsmelding 2013 - Vestlandsforsking

REKNESKAP 2013

Noter	RESULTATREKNESKAP	2013	2012
6	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	24 091 381	23 943 303
	Sum driftsinntekter	<u>24 091 381</u>	<u>23 943 303</u>
1	Prosjektkostnader	5 674 028	6 209 881
5	Lønnskostnader	15 658 645	15 396 972
1	Ordinær avskrivning	88 557	100 000
	Andre driftskostnader	<u>2 609 092</u>	<u>2 391 937</u>
	Sum driftskostnader	<u>24 030 322</u>	<u>24 098 790</u>
	Driftsresultat	<u>61 059</u>	<u>-155 487</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Resultat av finansposter	<u>269 542</u>	<u>349 244</u>
7	RESULTAT FØR SKATT	<u>330 601</u>	<u>193 758</u>
	Skattekostnad på ordinært resultat	0	56 019
	Årsresultat	<u>330 601</u>	<u>249 777</u>
	Overføringer		
	Avsatt til annen egenkapital	<u>330 601</u>	<u>249 777</u>
	Sum overføringer	<u>330 601</u>	<u>249 777</u>
	BALANSE		
	EIGENDELER		
	Anleggsmidler		
5	Driftsløsøre, inventar, verktøy m.m.	<u>167 000</u>	<u>134 000</u>
4	Investering i aksjer	<u>18 700</u>	<u>18 700</u>
	Sum anleggsmidler	<u>185 700</u>	<u>152 700</u>
	Omløpsmidlar		
2	Prosjekt under arbeid	<u>4 688 250</u>	<u>5 122 995</u>
2	Sum fordringar	<u>3 752 733</u>	<u>2 533 495</u>
2	Bankinnskudd, kontanter ol.	<u>9 284 046</u>	<u>11 001 148</u>
	Sum omløpsmidler	<u>17 725 019</u>	<u>18 657 638</u>
	Sum eiendeler	<u>17 910 719</u>	<u>18 810 338</u>
	GJELD OG EIGENKAPITAL		
	Eigenkapital		
	Grunnfond	4 000 000	4 000 000
	Annan eigenkapital	<u>5 557 948</u>	<u>5 227 347</u>
3	Sum eigenkapital	<u>9 557 948</u>	<u>9 227 347</u>

Årsmelding 2013 - Vestlandsforsking

Gjeld

Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	1 249 934	2 230 314
Skyldige offentlige avgifter	1 371 783	1 690 748
Forskudd frå kunder	4 192 499	4 157 882
Annen kortsiktig gjeld	1 538 555	1 504 047
Sum gjeld	<u>8 352 771</u>	<u>9 582 991</u>
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	<u>17 910 719</u>	<u>18 810 338</u>

STYRET SI VURDERING

Vestlandsforskning er eit regionalt samfunnsfaglig forskingsinstitutt med både regional, nasjonal og internasjonal orientering. Instituttet har ein tverrfagleg profil og kjerneområda for forsking er innan klima, miljø, energi, informasjon og kommunikasjonsteknologi (IKT), regional utvikling og reiseliv. Arbeidet ved instituttet skal medverke til eit godt kunnskapsgrunnlag for samfunns- og næringsutvikling, og vi skal arbeide for at kunnskapen vert teke i bruk. Vestlandsforskning skal gjennom si kunnskapsproduksjon bidra til ei berekraftig utvikling og eit ope samfunn. God vitskapleg publisering og langsiktig kompetansebygging er avgjerande for kvalitetsutvikling og instituttet sin konkurranseevne.

For Vestlandsforskning er det viktig å ivareta den regionale rollen som kunnskapsutviklar og -formidlar i samspel med bedrifter og offentlege verksemder i regionen, og samtidig delta på den nasjonale og internasjonale forskingsarenaen. Det har vore arbeidd med ulike strategiar for dei ulike posisjonane i 2013.

Regional relevans

Vestlandsforskning er godt forankra regionalt, og i 2013 har instituttet arbeidd vidare med å styrke sin regionale relevans. Regionalt næringsliv og offentlege aktørar i fylket er viktige samarbeidspartnarar og oppdragsgivarar for instituttet. I 2013 har særleg Regionalt Forskningsfond Vestlandet (RFF-V) vore en viktig finansiør av ei rekke regionale prosjekt. I alt tre hovudprosjekt er finansiert av RFF-V, der alle er på reiselivsområdet: Eitt om policy-integrering og berekraftig reiselivsutvikling; eitt om cruise, berekraft og verdiskaping; og eitt om elastisitet hjå hovudkundegrupper i reiselivet. RFF-V har også finansiert fleire forprosjekt med potensiale for å verte større prosjekt. Som eksempel kan nemnast forprosjekt om rapporteringsregimet i offentleg sektor, digitaliseringsarbeid i mindre kommunar, tilpassing til konsekvensar av fursuring av havmiljøet, og tilpassing i landbruket til den kombinerte utfordringa frå eit endra klima og ein tøffare klimapolitikk.

Regionale aktivitetar i 2013 har vore retta mot innovasjon i privat og offentleg sektor, brukarsamarbeid, samarbeid med regionale styresmakter, og mot samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane med sikte på felles utnytting av kompetanse og kapasitet innafor undervisning og forsking, samt formidling av forskningsresultat. Utviklingsavtalen som vi har med HiSF og Fylkeskommunen legg til rette for slik viktig samarbeidsaktivitet.

Det er gjennom fleire år lagt ned vesentleg med ressursar på å etablere reiseliv som eit forskingsområde ved Vestlandsforskning. Dette har krevd omprioritering av faglege, administrative og økonomiske ressursar ved instituttet. I 2013 begynte vi å hauste resultat av dette langsiktige arbeidet, i form av oppstart av fleire forskingsprosjekt på området. Strategien har vore å 1) praksisorientere forskinga og 2) kunnskapsorientere næringa og den offentlege forvaltninga, og på den måten få nytte av og skape verdiar av ny kunnskap generert frå forskingsaktivitetar. Vi har også prioritert sjølve dialogen mellom reiselivsnæringa, regionale og nasjonale styresmakter og internasjonale og nasjonale forskingsmiljø. Vestlandsforskning har etablert seg som et kompetansemiljø på Vestlandet for forsking knytt til reiseliv, særleg gjennom NCE Tourism, samstundes som vi har lagt inn mykje ressursar på å halde oppe vår internasjonale posisjon som eit viktig forskingsmiljø på berekraftig reiseliv. Instituttet ivaretok forskingsdelen i prosjekta vi er med i saman med utviklingsaktørar, brukarar og tilretteleggarar, samt andre FoU partnarar med komplementær kompetanse. Den regionale forskingsaktiviteten er verdifull når instituttet opererer på den nasjonale og internasjonale arenaen.

Vestlandsforskning har også ei sterk regional orientering på forskingsområdet klimatilpassing. Gjennom eit prosjekt om arealplanlegging og tilpassing til klimaendringar finansiert av RFF-V har vi etablert et godt samarbeid med regionale og lokale styresmakter i alle dei fire Vestlandsfylka. Vi har også eit nært fagleg samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si beredskapsavdeling på dette området, i form av felles seminardeltaking, utgreiingsarbeid og samarbeid om prosjektutvikling. Dette regionale samarbeidet er også ein viktig plattform for utvikling av både nasjonale prosjekt og EU finansierte internasjonale prosjekt på klimaområdet.

IT-forum Sogn og Fjordane har også i 2013 vore ein viktig arena for nettverk, strategiutvikling og prosjektsamarbeid med regionale styresmakter, kommunar, næringsliv og andre organisasjoner i fylket. Tre hovudsatsingar peikar seg særleg ut: regional infrastrukturutvikling med hovudvekt på fiberbasert breiband, eHelse der ein stor aktivitet har vore gjennomførd innan meldingsutveksling mellom legekontor, kommunar og spesialisthelsetenesta og entreprenørskap i IT-bedrifter. Vestlandsforskning har også planlagd og gjennomført ein studietur til Bangalore, Mysor og Goa i India for medlemmar av IT-forum i november 2013, og me har vore

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning

med i planlegginga av IT-forumkonferansen 2013 som vart gjennomført i Balestrand med 120 deltakar i september.

Den nasjonale forskingsarenaen

Nasjonale aktivitetar har vore retta mot etablering av nye samarbeidsrelasjoner til nasjonale forskingsmiljø og utvikling av prosjekt med brukarrelevans og med høg vitskapleg kvalitet.

Vi har framleis ein tydeleg posisjon i nasjonal samanheng innan miljø-, klima- og energiforsking. Vestlandsforskning er godt profilert på klimakompetanse nasjonalt også i 2013. Fleire store nasjonale klimaforskningsprosjekt er no i sluttfasen, og det er viktig å oppretthalde aktiviteten og få finansiert prosjekt innen dette kjerneområdet for instituttet.

Instituttet har sidan 2011 delteke i CenSES, eit nasjonalt forskingssenter for miljøvennleg energi. Dette er ei langsiktig satsing på forskingsområde med stor relevans for Sogn og Fjordane fylke. Frå 2013 er Vestlandsforskning medlem i leiargruppa i CenSES, og vil vere ein aktiv forskingspartner i åra som kjem fram til 2018. Transport er eit område som vi tradisjonelt har vore sterke på, og som mange forbind med Vestlandsforskning. Aktiviteten på dette området har vore låg den seinare tida, og vi vil prioritere dette området framover.

I tillegg til regional forskningsaktivitet på reiseliv er instituttet også på den nasjonale arenaen, i samarbeidsprosjekt med andre nasjonale aktørar. I 2013 vart det gitt støtte til eit nasjonalt RFF prosjekt om kvalitetssikring av naturbasert reiselivet der VF er ein av partnarane. Prosjektet startar opp i 2014. Med delfinansiering av forprosjekt frå RFF Vestlandet har Vestlandsforskning fått i stand eit forskingssamarbeid innan digitalisering i kommunal sektor. Det er eit samarbeid med Universitetet i Oslo (avd. for forvaltningsinformatikk) og Universitetet i Agder (e-forvaltning og gevinstrealisering). KomMIT, KS si programsatsing på IKT i kommunal sektor, er med som finansierande partnar. Målet med forprosjektet er å etablera eit større forskningsprosjekt på dette viktige området.

Instituttet var også initiativtakrar saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune til Nasjonalt breibandråd. Rådet organiserer no 14 fylkeskommunar og arbeider med faglege innspeil og er dialogpartner for departementa i breibandspørsmål. Sogn og Fjordane fylkeskommunen var i 2013 leiar for breibandrådet med Vestlandsforskning som sekretariat.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Vestlandsforskning har i fleire år delteke i internasjonal forskingssamarbeid, og har forskarar med gode faglege internasjonale nettverk. I 2013 har vi utført viktig forarbeid for posisjonering i høve EU sitt nye rammeprogram for forsking og innovasjon, Horisont 2020. Det var svært positivt for instituttet av vi i 2013 fikk klarsignal for finansiering frå 7. rammeprogram av forskningsprosjektet EmerGent. Dette er eit samarbeid mellom partnarar frå Tyskland, Italia, Luxemburg og Storbritannia. Prosjektet startar opp i 2014 og vil være viktig for instituttets internasjonale arbeid.

Innan klima- og miljøforsking har vi ei tydeleg rolle internasjonalt og har gode internasjonale nettverk t.d. i Nordic Strategic Adaption Research (NORD-STAR). Industriell økologi har hatt positiv utvikling siste år, først og fremst gjennom internasjonale EØS prosjekt. Dette er eit resultat av målretta arbeid innan fagområdet.

Internt arbeid

Vestlandsforskning har i 2013 hatt eit sjukefråvær på 3,6%. Dette er ein nedgang frå året før. Instituttet arbeider for eit godt arbeidsmiljø og for å førebygge sjukefråvær gjennom HMS-arbeid, internseminar og bedriftsidrettslag. Vi skal vere ein arbeidsplass der medarbeidarane har rom for utvikling av seg sjølv og kollegiet til beste for instituttet. Det vart utført 20,6 forskarårsverk, 23,6 årsverk totalt, ved instituttet i 2013. Det er 24% kvinner i fagstillingane, medan kvinner utgjer 34% av medarbeidarane totalt. Det vert lagt til rette for fleksibilitet i arbeidet med heimekontorløysing, fleksibel arbeidstid og høve til redusert stilling. Saman med aktivt HMS-arbeid er dette ein måte å legge til rette for at forskarkarriere ved instituttet på ein god måte skal kunne kombinerast med ulike livs- og familiesituasjonar.

Vestlandsforskning er sertifisert som Miljøfyrtårnbedrift, og arbeider med å redusere miljøkonsekvensar av verksemda. Reiseaktiviteten representerer den største utfordringa. Det er eit mål å redusere reisinga og i større grad nytte videokonferanse og nettoverføring (streaming), likevel ikkje på kostnad av fagleg

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning

nettverksbygging, –samarbeid og synlegheit. Instituttet investerte i nytt utstyr for videomøte i 2013. Vi kompenserer for klimagassutsleppa frå flyreiser ved kjøp av CO₂ kvoter basert på "gullstandard" (SFT). Ny direktør er tilsett. I november 2013 tok Merete Lunde til i stillinga som direktør i Vestlandsforskning. Ho har erfaring både frå forsking, forvaltning og privat næringsliv.

Viktige kvalitetskriterier for instituttet som vi blir målt på er: andel vitskapleg publisering, tal doktorgrader fullført, andel nasjonale og andel internasjonale forskingsoppdrag. Instituttet presterer tilfredsstillende på vitskapleg publisering og nasjonale oppdrag. Når det gjelder andel doktorgrader, presenterer instituttet under det ein kan forvente av eit institutt på vår storleik. Vidare har instituttet prestert under forventninga når det gjeld internasjonale oppdrag. Vi ser at det er viktig å oppretthalde nasjonal forskningsaktivitet, samt å styrke den internasjonale forskinga i åra som kjem. Vi må og fortsette å ha trykket oppe på publisering, og legge til rette for fullføring av doktorgradsarbeid innan planlagt tidsramme.

Styret er godt nøgd med arbeidet i VF i 2013. Trass i framleis stramme økonomiske vilkår i forskingsmarknaden, har VF også i 2013 oppnådd økonomisk balanse. Styret meiner det er viktig å investere i fagleg utvikling i instituttet. Nøktern økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev handlingsrom for faglege satsingar og er avgjerande for ei positiv utvikling i instituttet.

I 2013 er det prioritert ressursar til nettverksbygging, prosjektutvikling og –akkvisisjon for framtidige oppdrag, i tillegg til vitskapleg publisering og fagleg kompetanseutvikling. Fem doktorgradskandidatar er i arbeid; ei viktig satsing på fagleg utvikling for den enkelte forskaren og for instituttet. Det kommande året blir det viktig å auke prosjektinngangen som grunnlag for å rekruttere ytterlegare fleire forskarar og doktorgradsstudenter, slik at instituttet kan ha ei robust drift med om lag 25 forskarårsverk. Langsiktig og målretta fagleg satsing på samfunnsaktuelle tema, kombinert med god dialog med regionale og nasjonale oppdragsgjermiljø, gjer at styret meiner det er realistisk. Styret meiner det er vesentleg å auke den internasjonale aktiviteten ytterlegare i form av samarbeid med sterke internasjonale fagmiljø og deltaking i internasjonalt finansierte prosjekt, både EU-finansierte og andre.

Styret meiner Vestlandsforskning er framtidsretta og godt budd på å møte eventuelle nye utfordringar på ein offensiv måte.

PUBLISERING

Vitskaplege artiklar/bøker m/referee

Dr.gradsavhandling

Brendehaug, Eivind (2013): Mobilisering, makt og endring. Ein studie av deltaking i verneplanprosessen for opprettning av Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde. PhD Monography, Norwegian University of Science and Technology, Trondheim

Bøker

Akerkar, Rajendra (Ed.) 2013: Big Data Computing, Taylor & Francis Group/DRC Press

Andersen, Otto (2013): Unintended Consequences of Renewable Energy - Problems to be Solved. Springer 2013, 94 s.

Artiklar i bøker

Akerkar, Rajendra, Vadim Ermolayev, Vagan Terziyan, Michael Cochez. (2013): "Towards Evolving Knowledge Ecosystems for Big Data Understanding" (Ed. R. Akerkar) I: Big Data Computing, Taylor & Francis Group/CRC Press.

Akerkar, Rajendra (2013) "Advanced data analytics for business". I: Big Data Computing, Taylor & Francis Group/CRC Press.

Akerkar, Rajendra, David Camacho, and Maria D. R-Moreno. "Challenges and Issues of Web Intelligence Research". I Proceedings of the International Conference on Web Intelligence, Mining and Semantics (WIMS'13), ACM-ICPS.

Demiroglu, O. C., Dannevig, H., Aall, C. (2013): "The multidisciplinary literature of ski tourism and climate change". In Nazmi K., Metin, K. (ed) (2013): Tourism Research: An Interdisciplinary Perspective. Newcastle upon Tyne : Cambridge Scholars Press, 2013. p. 223-237.

Gössling, Stefan (2013): "Case study: Climate Change and Tourism Development". In: Lovelock, B. and Lovelock, K.M. (eds.) The Ethics of Tourism. Critical and applied perspectives. London: Routledge, pp. 258 - 261

Groven, Kyrre (2013): "Eit politisk skred: Korleis naturskadeførebygging og klimatilpassing kom på dagsorden i Bergen". I: Mot en farligere fremtid? Om klimaendringar, sårbarhet og tilpasning i Noreg. Akademika forlag 2013, s. 229-244

Hovelsrud, Grete, Dannevig, Halvor og Rauken, Trude (2013): "Klimatilpasning på dagsorden i åtte kommuner frå nord til sør". I: Mot en farligere fremtid? Om klimaendringar, sårbarhet og tilpasning i Noreg. Akademika forlag 2013

Hovelsrud, Grete, West, Jennifer og Dannevig, Halvor (2013):" Fisheries, resource management and climate change: Local perspective of change in coastal communities in Northern Norway". I: Wolf, Johanna and Karen O'Brien (eds.): Changing Environment for Human Security. Earthscan, London, pp 135 - 146

Sajja, Priti S. and Akerkar, Rajendra (2013), "Bio-inspired Models for the Semantic Web" (Ed. Xin-She Yang, Zhihua Chi, Renbin Xiao, and Amir Hossein Gandomi), Swarm Intelligence and Bio-Inspired Computation, Elsevier, 2013.

Skarbø, Kristine (2013): "Situated meanings of key concepts in the regulation of plant genetic resources". In: Nazarea, Virginia D., Robert E. Rhoades and Jenna Andrews-Swann (Eds.) Seeds of Resistance/Seeds of Hope: Place and Agency in the Conservation of Biodiversity. University of Arizona Press, Tucson, AZ. Pp. 214-239.

Årsmelding 2013 - Vestlandsforskning

Aall, Carlo (2013): "Tidlige erfaringer med kommunal klimatilpasning: Hva kan kommunene lære av tidligere erfaringer i lokalt arbeid med de globale miljøproblemene?". I Bye, L.M., Lein, H., Rød, J.K. (2013): *Mot en farligere fremtid? Om klimaendringer, sårbarhet og tilpasning i Norge*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, under produksjon. S 193-210.

I tidsskrift

Akerkar, Rajendra (2013) Improving data quality on big and high-dimensional data. I *Journal of Bioinformatics and Intelligent Control*, Vol. 2, No. 1, pp 155-162 (8) 2013.

Akerkar, Rajendra, Maret, Pierre and Vercouter, Laurent (2013). Research topics on web intelligence and communities. I: *International Journal of Web Intelligence and Agent Systems*, pp 299-302, DOI 10.3233/WIA-130276, Volume 11, Number 4 / 2013

Andersen, Otto (2013): Editorial Special Issue: Bio-blendes Fuels. I: *American Institute of Mathematical Sciences Energy* 1:1-2

Brendehaug, Eivind (2013): How Local Participation in National Planning Creates New Development Opportunities. I *Systemic Practice of Action Research*, 26(1), 13

Brendehaug, Eivind (2013): Ny turistmessig bruk i verneområde. I *Utmark*, 2013(1).

